



Motortankar O.A. KNUDSEN, den største i landet i 1938, torpedert 5. mars 1942 ved Bahamas

TV programmet Tore på sporet i kveld handla om å finna grava til krigsseglar Olaus Gamst. Han var mannskap på tankaren O.A. KNUDSEN frå Haugesund med Knut O. Bringedal frå Uskedalen som skipper. Etter ei dramatisk torpedering og kanoneld frå dei tyske ubåtane U- 126 og U- 504 5.mars 1942 ved Bahamas, tok mannskapet seg i land på øyane der.

Ein ung engelskmann omkom ombord. Olaus Gamst var skadd og døydde straks etter i ei kyrkje. Mannskapet med Knut O. Bringedal tok seg vidare til Nassau der det var sjøforklaring. Arne Eide frå Ølen var med på denne hendinga og har på lydband til Kristian Bringedal fortald i detalj om torpederinga og korleis ein prøvde å berga fartyet utan å lukkast.

Eric Wiberg i New York har i lang tid jobba med tema: Torpederingar ved Bahamas øyane. Han har mykje kunnskap om Knut O. Bringedal frå Uskedalen og hendinga med O.A. KNUDSEN. Han har og kontakt med slekta i Uskedalen for informasjon og bilete.

Tekst: Kristian O. Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland